



Ingvild Kvalvåg
Vardevegen 80
5953 FONNES

Referanser:
Dykkar:
Vår: 22/7869 - 22/91502

Saksbehandlar:
Mette Robertsen
mette.robertsen@alver.kommune.no

Dato:
02.01.2023

Vi treng fleire opplysningar før vi kan handsame søknaden - gbnr 85/3 Kvalvåg

Tiltak: Riving og oppføring av nytt våningshus
Byggjestad: Gbnr: 85/3
Tiltakshavar: Vidar Dyrøy Andreassen
Ansvarleg søkjar: Spregningsservice Vidar Dyrøy Andreassen

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 31.10.2022.

Vi trenger meir dokumentasjon i saka

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Teikningar må supplerast med kotehøgd på planering, OK golv, gesims, og mønehøgd.
2. Søknad må supplerast med BRA opplysningar.
3. Omlegging/ etablering av ny veg krev dispensasjon frå LNF føremål.
4. Ansvarleg føretak må sende inn rørleggjarmelding med omsyn til vassforsyning/ tilkopling til offentleg vassverk.
De kan nytte dette skjemaet; [Rørleggjarmelding \(KF-570\)](#)
5. Det må søkjast Miljø og Tilsyn med omsyn til oppgradering av avløpsanlegget. Tiltaket krev utseppsløyve etter forureiningslova, samt ansvarleg føretak. Administrasjonen gjer merksam på at det ikkje kan gjerast vedtak i saka før løyve føreligg.
6. Bilete eller teikningar av bygnaden som skal rivast.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 27.02.2022. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

GENERELL INFORMASJON

Det er ditt ansvar å levere en komplett søknad.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forseinkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennlig helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Mette Robertsen
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Ingvild Kvalvåg
Vidar Dyrøy Andreassen

Vardevegen 80
Vardevegen 80

5953 FONNES
5953 FONNES